

Ny kurs?!



KNUT STØBBAKK

Ordfører, KrF

LESARBREV

Kolbjørn Rørstad skal sette ny kurs i Giske kommune dei neste åra. Kompassen har 360 grader Kolbjørn, og du skriv ikkje mykje om kursendingane. Du skriv at to av kandidatane har gjennom fleire periodar stemt ja til ein ansvarleg økonomisk politikk i Giske kommune. No har eg vore ordfører i 12 år, og budsjetta for alle åra har vore einstemmige, med unntak av budsjettet for 2013 i møte 13.12. 2012. der 1 representant stemte mot. No har eg sjekka protokollen for dei siste 4 budsjettmøta, og sjølv i desembermøtet 2014 for budsjettet for 2015 vart det einstemmige vedteke. Økonomiplanane har og vore einstemmige. Dei forslaga som har vore fremma har ein gjennom felles gruppeleiar møte klart å einast om, slik at budsjetta skulle bli best mulig. Eg vil skryte av alle partia som har samarbeida for å få til best mulig ansvarleg budsjett og økonomiplanar.

At tverrpolitisk stemte mot Alnes besøk senter er greitt, men at det

skal velte økonomien til kommunen er reinspikka tøv. Dei 7 mill dei fekk i lånegaranti med kommune for å byggje eit flott kulturbygg vert dekt av den garantien besøkssenteret har med kystverket, der dei garanterer med 300 tusen kvart år i 10 år. Eg vil skryte av stiftelsen som har klart å fått til denne finansieringa, der Møre og Romsdal fylke, Sparebanken Møre, Giske kommune og andre er bidragsytarar.

At Giske kommune har mykje gjeld veit vi alle, vi har vel 900 mill i gjeld. Av dette er vel 150 mill knytt til veg, vatn og avlaup. I tillegg har Giske kommune 180 på bok. Av desse 900 mill har kommune prøvd å komme utviklinga i møte. Kommune har satsa på nybygg av skule, omsorgsenter, barnehage, Pu bustadar, psykiatrisenter, idrettshall etc. I tillegg er skular, omsorgsentera, rådhuset og andre kommunale bygg renovert. Det er Vigra skule som treng utviding og renovering framover, elles er kommunen godt rusta for den veksten vi har. Dette er det låna har gått til. I tillegg har vi støtta alle idrettslaga som gjer eit fantastisk frivillig arbeid.

Det hadde vore greitt å fått vite kva Ny Kurs er. Kva konkret er det Kolbjørn Rørstad vil endre på. Kven vil ein ta frå ressursar, og kven skal få meir?

Lukke til med valkampen til alle som stiller på liste til neste periode.